



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 26.04.2017

Vår ref.: 2017/3418-2

Saksbehandlar: monsera

Dykkar ref.: 17/708 – 17/4741

Att. Anja Broch

Kulturminnefagleg fråsegn - nydyrkning - gnr 150 bnr 1 - Hjertås - Austrheim kommune

Viser til brev datert 10.04.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styringsmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Frå garden Hjertås er det frå før kjend to lausfunn – ei øks frå merovingartid (Askeladden id. 90693) og ei oval spenne frå yngre jernalder. Hordaland fylkeskommune har likevel ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.